

Planlegging utan problem av stort bygg

24.11.2011



Opparbeidninga av tomta går for fullt (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Planleggjinga av det store KV-bygget (tidlegare AFA) sentralt i Uskedalen** går utan problem. Det fastslår dagleg leiar Tor Vidar Sæle etter møter med nøkkelpersonar i kommunen. Miljøretta helsevern har gått gjennom planteikningane og merknadane deira er drøfta denne veka i eit møte som Sæle kallar uproblematisk.

**Det som var oppe var generelle krav til eit slikt bygg og det vill gå greitt å stettha dei, held dagleg leiar fram. Han vonar at planleggjinga kan vera ferdig før jul.**

Miljøretta helsevern peika mellom anna på dette:

\* Alle inngangsparti må vera trinnfrie. Innvendige dører må vera minimum 9M og utan terskel såframt dette ikkje strir mot branntekniske krav eller lydkrav i teknisk forskrift. Inngangsbdør til bygg må ha automatisk døropnar og ha breidde på minst 10M

\* Atkomstveg må ha ein oversiktleg og trinnfri forbindelse mellom parkering, køyrbar veg og hovudinngang og ha god belysning og ledelinjer.

\* I andre høgda der det blir kundemottak og kontor oppfyller ikkje WC krav til utforming for rullestolbruksarar. I samme høgda blir det og leilegheiter og i desse som ligg mot riksvegen vil ikkje rullestolbruksarar kunne nytta kjøkenet på grunn av benkeplate

\* I tredje høgda der det er møterom og leilegheiter blir det påpeika at leilegheitene ikkje har tilkomst, at bad og kjøkken i to av dei må

endrast som for andre høgda og at WC i møterom ikkje oppfyllar krava

\* Det må veljast kontrastfargar mellom golv, veggjar og dørar

Sæle er glad for at kommunaleiinga ser så positivt på denne storsatsinga, som kjem dei svakare i samfunnet vårt til gode,

Av Ola Matti Mathisen